**KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDLAR**
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

**VARER**
Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

**FORDRINGAR**
Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Note 1 Skattekostnad**

Selskapet har fått fritak frå skatteplikt.

**Note 2 Lønskostnader og antall årsverk**

**LØNSKOSTNADER**

| | **2025** | **2024** |
|---|---:|---:|
| Løningar | 441 975 | 585 262 |
| Løn til skuleklasse | 11 500 | 16 000 |
| Arbeidsgjevaravgift | 50 363 | 62 038 |
| Pensjonskostnader | 27 336 | 10 220 |
| Andre ytingar | 10 539 | 22 138 |
| **Sum** | **541 713** | **695 658** |

Selskapet har i 2025 sysselsett 1 årsverk.

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

**Note 3 Avskriving på driftsmidlar**

| | **Andre bygg. Skianlegg** | **Maskiner / Utstyr** | **S[illegible]** |
|---|---|---|---|
| Anskaffingskost pr. 01/07 | 22 276 524 | 2 805 092 | 25[illegible] |
| + Tilgang | 773 497 | 0 | [illegible] |
| - Avgang | 0 | 0 | [illegible] |
| - Nettoført gåvedel inv. 2012/2013 | -7 097 771 | -266 272 | -7[illegible] |
| - Nettoført gåvedel inv. 2021/2022 | -3 866 771 | 0 | -3[illegible] |
| - Nettoført gåvedel utsatt innt. føring | -1 848 231 | -207 861 | -2[illegible] |
| **Anskaffingskost pr. 30/06** | **10 237 248** | **2 330 959** | **12 568 207** |
| **Akk. av/nedskr. pr 01/07** | **3 749 021** | **1 586 431** | **5 335 452** |
| + Ordinære avskrivingar | 341 514 | 193 603 | 535 117 |
| - Tilbakeført avskriving | 0 | 0 | 0 |
| **Akk. av/nedskr. pr. 30/06** | **4 090 535** | **1 780 034** | **5 870 569** |
| **Balanseført verdi pr 30/06** | **6 146 713** | **550 925** | **6 697 638** |
| Prosentsats for ord.avskr | 2 - 20 % | 10 - 33 % | |

**Note 4 Leasing**

Ved rekneskapsårets slutt har selskapet følgjande leasingavtaler.

| **Driftsmiddel** | **Årleg leasing leige** | **Leasingavtalas utløp** |
|---|---|---|
| PistenBully 400 Park | 181 056 | okt. 2027 |
| **Sum** | **181 056** | |

Forskotsbetalt leasingleige som ikkje er kostnadsført utgjer per 30.06.2025 kr 124 134,-.

**Note 5 Eigenkapital**

| | **Aksjekapital** | **Annan eigenkapital** | **Sum eigenkapital** |
|---|---|---|---|
| Pr. 30.06.2024 | 608 900 | 4 310 022 | 4 918 922 |
| Årets resultat | | -692 693 | -692 693 |
| **Pr 30.06.2025** | **608 900** | **3 617 329** | **4 226 229** |

BankID Signing Jenny Mari Tomasgard 2025-11-07
BankID Signing Bengt Flaten 2025-11-07
BankID Signing Marita Nistad 2025-11-07
BankID Signing Einar Helge Tomasgard 2025-11-07
BankID Signing Askjell Våge 2025-11-08
BankID Signing Arve Hovdenakk 2025-11-10
BankID Signing Per Mattis Lødøen 2025-11-11

**Note 6 Langsiktig gjeld**

| | |
|---|---|
| **Pantsettingar** | **30.06.25** |
| Gjeld sikra med pant | 2 916 878 |
| **Sum pantesikra gjeld** | **2 916 878** |
| | |
| **Bokført verdi av pantsette eigedelar** | |
| | |
| Driftsmidlar | 6 697 639 |
| **Sum verdi av pantsette eigedelar** | **6 697 639** |

Pantesikra gjeld som vert betent av skisenteret og har forfall seinare enn 5 år frå balansedagen er kr 492 342.

**Note 7 Aksjekapital**

Selskapet har 6 089 aksjar kvar pålydande kr 100, samla aksjekapital utgjer kr 608 900.
Selskapet sin aksjekapital er oppdelt i følgjande aksjeklassar:

| **Aksjeklasse** | **tal aksjar** | **Samla pålydande** | **Vedtektsfastsetjing om stemmerett** |
|---|---|---|---|
| A-aksjar | 4 050 | 405 000 | Kvar aksje gjev 5 stemmer |
| B-aksjar | 2 039 | 203 900 | Kvar aksje gjev 1 stemme |
| **Samla** | **6 089** | **608 900** | |

A-aksjeklassen skal til ei kvar tid utgjere over 50% av alle stemmer.
B-aksjeklassen skal til ei kvar tid utgjere mindre enn 50% av alle stemmer.
Majoritetskrava kan ikkje endrast utan etter løyve frå departementet.

Selskapet sine største aksjeeigarar som eig meir enn 1% av aksjane:

| **Aksjonæren sitt namn:** | **Tal aksjar:** |
|---|---|
| Hornindal idrettslag | 2025 |
| Volda kommune | 2025 |
| Leiv Rune Lødøen | 136 |
| Knausen Hyttegrend | 125 |
| Paul O. Tomasgard | 112 |
| Frank Rogne | 100 |
| Egil A Seljeset | 100 |
| Randi Langlo | 100 |
| PeBe Klær AS | 100 |
| Leiv Inge Gausemel | 100 |
| Inge Olsen | 100 |

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

# HORNINDAL SKISENTER AS

# ÅRSMELDING 01.07.2024 - 30.06.2025

Styret i Hornindal Skisenter AS har vore samansett som fylgjer:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arve Hovdenakk | (på val 2025) | leiar | B - aksjonærane |
| Askjell Våge | (på val 2025) | nestleiar | Volda Kommune |
| Per Mattis Lødøen | (på val 2025) | styremedlem | Volda Kommune |
| Marita Nistad | (på val 2026) | styremedlem | Volda Kommune |
| Jenny Mari Tomasgard | (på val 2026) | styremedlem | Hornindal Idrettslag |
| Bengt Flaten | (på val 2025) | styremedlem | Hornindal Idrettslag |
| Einar Helge Tomasgard | (på val 2026) | styremedlem | B - aksjonærane |

Vara til styret (alle på val i 2025):

1. Siv Solheim — Volda Kommune
2. Olav Rune Seljeset — B – aksjonærane
3. Svein Nesdal — Hornindal Idrettslag

Valnemnd:

| | | |
|---|---|---|
| Sverre Magne Haugen | Valnemndleiar | (på val 2025) |
| Eline Fannemel | | (på val 2025) |
| Randi Langlo | | (på val 2025) |

Driftsleiar : Amund Sverre Tomasgard

Andre med driftsleiar-papir: Leiv Inge Gausemel, Anders Langlo Grodås, Askjell Våge og Gunnar Sjåstad

Hornindal Skisenter har i driftsåret 2024/2025 halde 7 styremøter og handsama 56 saker.

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

Kva slags verksemd og kvar lokalisert :

Hornindal Skisenter AS er eigar/drivar av fylgjande i Grendadalen i Hornindal, Volda kommune

- T-kroktrekk (1487 meter) med 2 preparerte nedfartar på 1650 meter, derav den eine flombelyst
- Skåltrekk (540 meter) med to preparerte nedfarter, derav den eine utforma som skicr
- Lysløype på ca. 3 km
- Turløype rundt setredalen og vidare til Horndøla bru og Hornindalssætra. Tur/ retur ca. 25 km
- Varmestove med kafeteria og skiutleige
- Kvilebrakke/pasientbehandlingsrom for skipatrulje / Røde Kors
- Skiskyttar-stadion
- Grillhytte
- Garasje til trakkemaskiner, snøscooterar og anna utstyr
- Parkeringsområde
- Skileikområde
- Snøproduksjonsanlegg

Hornindal Skisenter vert i all hovudsak drive på dugnad, og i løpet av driftsåret har meir enn 100 personar vore involvert i dugnadsarbeid i kafeteria, skiutleige, heisvakter, skipatrulje, billettsal, preparering og vedlikehald av maskiner og anlegg. 9. klasse ved Hornindal skule tok på seg billettørar-arbeidet på parkeringsplassen til inntekt til klassekassa.

Skisenteret er med i Alpepass. Dette er eit samarbeid om felles sesong- og dagskort som kan nyttast i 9 ulike skianlegg i Nordfjord og på Sunnmøre.

Arbeidsmiljø og ytre miljø:

Driftsleiar har vore engasjert i 15 % stilling. Selskapet hadde i tillegg tre personar i engasjement, ein i 100 % stilling frå desember, ein i 100 % stilling frå januar og ein i 60 % stilling i deler av januar og februar. Personen i 60 % engasjementet valde sjølv å avslutte arbeidsforholdet i slutten av februar. Snøforhold gjorde at vi ikkje kunne oppretthalde drifta av skisenteret og på grunn av dette vart det sendt permitteringsvarsel til dei tilsette datert 26.02.2025. Varselet var grunngjeve i innstilt drift og redusert lønsevne. Arbeidsplikt opphøyrde 03.03.2025.

Det har ikkje vore registrert uhell/ ulukker blant dugnadsfolka eller dei tilsette.

Selskapet har ingen spesiell forureining til det ytre miljø utover det som er vanleg for denne type verksemder. Regelmessig vedlikehald av maskiner og utstyr er med på å redusere risikoen for uhell som kan forureine omgjevnadane. Selskapet nyttar seg av etablerte renovasjonsordningar.

Aktivitetar:

Vi starta opp snøproduksjon 19. november, då med hovudprioritet å leggje snø i Sparebank 1 Rekrutten samt påstigingsområdet for begge trekk.

Veret var ustabilt med vekslande periodar med kulde og mildt ver. Snøproduksjonen tok difor lang tid. Det kom heller ikkje mykje natursnø i perioden fram til jul. Likevel klarte vi å opne Sparebank 1 Rekrutten 21. desember.

Vi heldt fram snøproduksjonen i heistrase og hovudnedfart, og 4. januar hadde vi gode nok forhold til å opne hovudnedfarten frå mast 7.

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

Stort og brått snøfall gjorde at vi fekk opna til topps 11. januar. Men mildver deretter gjorde a januar vart dei einaste dagane med ope trekk til topps denne sesongen.

21. februar, fredagen i vinterferieveka, vart siste opningsdag på lenge. Mildveret sette inn og f anlegg. Litt kulde innimellom dei påfølgjande vekene vart nytta til nye rundar med snøproduks traseane og i haugar på strategiske punkt. Dette gjorde at vi igjen klarte å opne Sparebank 1 R hovudnedfarten frå mast 7 den 21. mars. Men berre for to dagar. 22. mars vart siste opningsd sesongen, tre veker før palmehelga. Påska var det nær snøfritt i Grendadalen, og folk køyrde b

Oppsummert vart sesongen betydeleg avkorta grunna periodar med ekstrem nedbør, høge te og sterk vind. Sjølv med stor innsats med snøproduksjon og etablering av god sole i både trekkspor og nedfarter vart snøsmeltinga så stor at drift av anlegget måtte stoppast 22. mars.

Det vart totalt 34 driftsdagar denne sesongen. Berre 2 dagar var det mogleg med drift til toppen av anlegget. Dette fordelte seg på helgekøyring, 2 kveldskøyringar for veka fram til vinterferien, ope første del av vinterferien, siste driftsdag 21. mars

2014/15 = 78, 2015/16= 54, 2016/17 = 64, 2017/18 =86 , 2018/2019 =68, 2019/2020 = 42, 2020/2021 = 29, 2021/2022 = 64, 2022/2023 = 75, 2023/2024 = 67, 2024/2025 = 34

Som avlasting for driftsleiar og styret blir det enda viktigare å sikre god kommunikasjon og samarbeid mellom funksjonane, her spelar ressursgruppa ei viktig rolle. Klare ansvarsområde har gjort det mogleg å løyse mange saker effektivt og bidratt til ei smidigare drift og raskare beslutningsprosessar. Vi ser verdi i å styrke ressursgruppa ytterlegare for å unngå store belastningar på enkeltpersonar.

Skipatruljen held fram med å styrke si rolle innan sikkerheit og beredskap i anlegget. Digital skaderapportering er no integrert i rutinene, og vi har fått på plass eigne fasilitetar for skipatruljen. Dette sikrar at nødvendig sikkerheits- og redningsutstyr er tilgjengeleg, i god stand og klart til bruk, samtidig som vi kan yte god pasientbehandling i påvente av vidare transport. Investeringa gjer det og meir attraktivt for aktørar som Røde Kors å opphalde seg i anlegget. I tillegg har vi i 2025 utarbeida ein oppdatert beredskapsplan for anlegget.

Aktivitetskalenderen fungerer godt som verktøy for å sikre jamn aktivitet gjennom sesongen og for å koordinere tilbod mot ulike målgrupper med mål om auka deltaking og inkludering. Kalenderen er førebels eit internt planleggingsverktøy, men det er eit mål å utvikle ein ekstern versjon med faste aktivitetar gjennom sesongen. Aktivitetar i sesongen 24/25 inkluderte blant anna kveldskøyring for nybyrjarar, slalåmkøyring med sjølvbetjent tidtaking, skreddag, førstehjelpskurs, opplæring på snøscooter for dugnadspersonell.

Gjennomført skileik i samarbeid med barneidrett/ Hornindal IL- Ski /alpin og freeski. Det blei gjennomført 3 kveldar i januar. Her deltok mellom 40- 60 barn og foreldre. Viktig rekruttering av komande brukarar av skisenteret.

Varmestovedrifta held fram med si positive utvikling av servicetilbod og økonomisk bidrag til drifta av skisenteret. Dugnadsgjengen i varmestova yter eit godt tenestetilbod og god service for gjestane i skisenteret. Varmestova vert også nytta utanom sesong. Leige av varmestova til selskapsaktivitetar er mogleg og frivillige organisasjonar har lånt varmestova til mange positive arrangement til nytte for lokalsamfunnet.

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

Økonomi:

Rekneskapen er gjort opp med eit negativt årsresultat på kr - 692 693,- for perioden 01.07.24 30.06.2025, mot 92 259 kr ,- i perioden 01.07.23 – 30.06.24. Selskapet sin eigenkapital pr 30.0 kr 4 226 229, dette gir ein eigenkapitalprosent på 57 %. Negativt årsresultat skuldast snømang sesong og av dette tydeleg omsetningssvikt. Omsetning for siste sesong vart på kr 2 713 778 m 4 543 951 førre sesong. I denne situasjonen vart det gjort grep for å redusere utgiftssida og på vart det negatvie årsresultatet avgrensa.

Styret meiner at årsrekneskapen gir ei rettvisande oversikt over utviklinga i føretaket, for resu rekneskapsåret og stillinga ved rekneskapsårets slutt.

Med det anlegget som ein har pr. dato, og utviklingsmoglegheitene, meiner styret det er grunnlag for vidare drift av Hornindal Skisenter AS. Årsrekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

Utbygging/ investeringar:

Trekkspor i Honndalsheisen frå mast 8 til mast 9 vart planert. Dette vil sikre opning til topps med vesentleg mindre snømengde enn tidlegare. Arbeidet er gjennomført slik at preparering av trekksporet kan gjerast med mindre risiko. Arbeidet har også gitt eit estetisk svært godt resultat.

Nytt utstyr for auka kapasitet på frityr og betra ventilasjon / avtrekk er eksempel på prioriterte tiltak i varmestova. Varmestova har også fått auka brannsikring ved å installere fastmontert skumbasert brannsløkkesystem.

I parkområdet aust for Honndalsheisen er det gjort planering og bygd to kular som grunnlag for preparering av hopp. Gjennom sesongen vart dette området komplettert med hopp og ulike element slik at dette framstår som eit attraktivt parkområde.

I same periode er det lagt ny drensgrøft over nedfarten, frå mast 7, og ein fjellknaus i nedfarten er sprengt og jamna ut.

Langrennscrossen vart grusa opp slik at anlegget og kan nyttast til sykkelcross.

Utvikling av skisenteret:

I utviklingsplanen slik den framstår nedanfor er steg 1, 2,3,4 og 7 gjennomført.

Komplettering av snøproduksjonsanlegget får høgast prioritet i det vidare utviklingsarbeidet. Dette er grunngjeve i teikn til klimaendring og dei behova som har vist seg i seinare år, og i svært stor grad siste sesong.

Ut over dette vil utviklingsarbeidet bli vidareført med utgangspunkt i utarbeida plan som vist for steg 5 og 6. Tidsetting må vurderast opp mot behov og økonomisk situasjon for skisenteret.

Utviklingsplan Hornindal skisenter:

(1)Juniortrekk parallelt med dagens trekk opp til mast nr 5 (ferdig utbygd), (2) Barnepark og barnecrossløype på vestsida av nytt juniortrekk (ferdig utbygd), (3) lysanlegg for barneparken (ferdig), (4) skipark på austsida av Honndalsheisen (ferdig), (5) crossløype aust for tiltak 4 , (6) avsett plass for mulig framtidig trekk for auka kapasitet.

I tillegg til desse tiltaka er det ønskeleg med ytterlegare utviding av snøproduksjonsanlegget med 280 meter rørgate og trehydrantar.

BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07
BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07
BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07
BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08
BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10
BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

Tiltaka under punkt 1, 2, 3, og 7 er meldt inn i kommunalt handlingsprogram for fysisk aktivite for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Det er utarbeida søknadar om spelemidlar for punkt 1, 2 og 3 utarbeida søknad om nærmiljøanleggsmidlar for tiltaket under pkt 7. For tiltak 1 og 7 har vi fåt midlar og for tiltak 2 og 3 er søknadar er godkjende og ligg i fylket sine prioriteringslister.

Langrennscrossanlegget har fått tildeling og det er betalt ut forskot med 85 % av tildelinga. Fo Volda kommune forskottert utbetaling av spelemidlar. Sluttutbetaling for tiltak 1 og 7 vert gjo endelege prosjektrekneskap er reviderte.

Volda kommune har forskottert spelemidlar for punkt 1, 2 og 3 med kr 1 334 000.



BankID Signing
Jenny Mari Tomasgard
2025-11-07

BankID Signing
Bengt Flaten
2025-11-07

BankID Signing
Marita Nistad
2025-11-07

BankID Signing
Einar Helge Tomasgard
2025-11-07

BankID Signing
Askjell Våge
2025-11-08

BankID Signing
Arve Hovdenakk
2025-11-10

BankID Signing
Per Mattis Lødøen
2025-11-11

<u>Likestilling:</u>
Bedrifta hadde tre mannleg tilsette vinteren 2024/25. Styret har 2 kvinner  og 5 menn. Valnem aktivt å auke kvinneandelen i styret.

<u>Vidare</u>

Det er grunn til å vere stolte over det ein har fått til. Det er også tydeleg at skisenteret vert op fleire og posisjonen til skisenteret vert stadig styrka. Det er viktig at det gode arbeidet med dri av skisenteret held fram.

Å arrangere/ legge til rette for ulike aktivitetar i anlegget er og viktig for rekruttering av nye sk... Aktivitet samarbeid med barneidrett/ Hornindal IL- Ski /alpin og freeski og i det nye langrennscross-anlegget er tydeleg eksempel på dette. Dette gir rekruttering av komande brukarar  av skisenteret.

Aktivitet og besøk i anlegget er aukande. Dette gir tydeleg omsetningsauke på gode driftsdagar. Vi ser samtidig at driftskostnadane aukar raskare enn inntektssida.

Etter imponerande innsats i heile perioden frå oppstart av skisenteret i 2012 valde Amund Sverre Tomasgard å sei opp si stilling som ansvarleg driftsleiar. Amund hadde også driftsleiarrolle for tautrekket som var i skisenteret frå 2001 og fram til nytt trekk vart opna i 2012. Arbeid med å få på plass ny driftsleiar vart starta umiddelbart. For å lette på driftsleiararbeidet vart det lagt plan for å få på plass ny ansvarleg driftsleiar og samtidig etablere eit driftsleiar-team med turnusbasert løysing for driftsdagane gjennom sesongen.

Skisenteret er fram til no i all hovudsak basert på driftsmodell med dugnadsarbeid.  Styret ser det som viktig å syte for god HMS og tilrettelegging slik at arbeidet får god og rasjonell organisering. Gode og funksjonelle anlegg er også viktig for å ta vare på motivasjonen i dugnadsgruppene. Tilrettelegging og investeringar som støttar opp om dette må derfor prioriterast. Sjølv med stadig aukande besøk i anlegget er det økonomiske grunnlaget framleis slik at dugnadsbasert driftsmodell er nødvendig.

Hornindal 20.10.2025

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arve Hovdenakk<br>Styreleiar | Askjell Våge<br>Nestleiar | Per Mattis Lødøen<br>Styremedlem | Marita Nistad<br>Styremedlem |
| Bengt Flaten<br>Styremedlem | Einar Helge Tomasgard<br>Styremedlem | Jenny Mari Tomasgard Sæten<br>Styremedlem | |

# Årsrekneskap 01.07.24-30.06.25
# Hornindal Skisenter AS

**Resultatrekneskap**
**Balanse**
**Notar til rekneskapen**

**Org.nr.: 965 432 280**

# RESULTATREKNESKAP

**HORNINDAL SKISENTER AS**

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2025 | 2024 |
|---|---|---|---|
| Salsinntekt | | 2 369 625 | 4 270 229 |
| Anna driftsinntekt | | 344 153 | 273 721 |
| **Sum driftsinntekter** | | **2 713 778** | **4 543 951** |
| | | | |
| Varekostnad | | 110 106 | 242 790 |
| Lønskostnad | 2 | 541 713 | 695 658 |
| Avskrivning av driftsmidler | 3 | 535 117 | 515 116 |
| Annan driftskostnad | 4 | 1 997 302 | 2 828 782 |
| **Sum driftskostnader** | | **3 184 238** | **4 282 345** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **-470 460** | **261 606** |
| | | | |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| Anna renteinntekt | | 753 | 2 486 |
| Anna finansinntekt | | 18 003 | 17 715 |
| Annan rentekostnad | | 240 872 | 186 535 |
| Annan finanskostnad | | 118 | 3 013 |
| **Resultat av finanspostar** | | **-222 233** | **-169 347** |
| | | | |
| Resultat før skattekostnad | | -692 693 | 92 259 |
| **Årsresultat** | **5** | **-692 693** | **92 259** |
| | | | |
| **OVERFØRING** | | | |
| Avsett til annan eigenkapital | | -692 693 | 92 259 |
| **Sum overføringar** | | **-692 693** | **92 259** |

# BALANSE

**HORNINDAL SKISENTER AS**

| EIGEDELAR | Note | 2025 | 2024 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| **VARIGE DRIFTSMIDDEL** | | | |
| Tomter, bygningar og anlegg | 3 | 6 146 714 | 5 714 730 |
| Driftslausøyre, inventar, maskiner og utstyr | 3 | 550 925 | 744 530 |
| **Sum varige driftsmiddel** | **3, 6** | **6 697 639** | **6 459 259** |
| **FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| Andre langsiktige krav | 4 | 124 134 | 224 105 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **124 134** | **224 105** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **6 821 773** | **6 683 364** |
| **OMLØPSMIDDEL** | | | |
| Varar | | 17 525 | 19 000 |
| **KRAV** | | | |
| Kundekrav | | 46 753 | 163 592 |
| Andre kortsiktige krav | | 306 417 | 182 063 |
| **Sum krav** | | **353 170** | **345 655** |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 244 723 | 1 200 299 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **615 418** | **1 564 954** |
| **Sum eigedelar** | | **7 437 191** | **8 248 318** |

# BALANSE

**HORNINDAL SKISENTER AS**

| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | **Note** | **2025** | **2024** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| **INNSKOTEN EIGENKAPITAL** | | | |
| Aksjekapital | 7 | 608 900 | 608 900 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **608 900** | **608 900** |
| | | | |
| **OPPTENT EIGENKAPITAL** | | | |
| Annan eigenkapital | | 3 617 329 | 4 310 022 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **3 617 329** | **4 310 022** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | **5** | **4 226 229** | **4 918 922** |
| | | | |
| **GJELD** | | | |
| **AVSETJING TIL PLIKTER** | | | |
| Andre avsetjingar for plikter | | 89 562 | 98 510 |
| **Sum avsetjing for plikter** | | **89 562** | **98 510** |
| | | | |
| **ØVRIG LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 6 | 2 916 878 | 2 676 449 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | | **2 916 878** | **2 676 449** |
| | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 128 263 | 376 200 |
| Skyldige offentlege avgifter | | 12 302 | 12 549 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 63 957 | 165 688 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **204 523** | **554 437** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **3 210 963** | **3 329 396** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **7 437 191** | **8 248 318** |

# BALANSE

**HORNINDAL SKISENTER AS**

Hornindal, 03.11.2025

Styret i Hornindal Skisenter AS

| | | |
|---|---|---|
| Arve Hovdenakk<br>styreleiar | Per Mattis Lødøen<br>styremedlem | Bengt Flaten<br>styremedlem |
| Askjell Våge<br>styremedlem | Jenny Mari Tomasgard<br>styremedlem | Marita Nistad<br>styremedlem |
| | Einar Helge Tomasgard<br>styremedlem | |

**Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.

Selskapet har avvikande rekneskapsår som går frå 01. juli til 30. juni.

**DRIFTSINNTEKTER**
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

**KLASSIFISERING OG VURDERING AV ANLEGGSMIDLAR**
Anleggsmidlar omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost. Varige driftsmidlar vert førte opp i balansen og avskrivne over driftsmiddelet si forventa økonomiske levetid. Varige driftsmidlar vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som blir forventa ikkje å vere av forbigåande art. Nedskrivingar blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. På investeringane som er gjennomførte på skiheis og varmestove i 2012 - 2013 er mottekne tilskot nettoført i rekneskapen..

**KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDLAR**
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

**VARER**
Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

**FORDRINGAR**
Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

**Note 1 Skattekostnad**

Selskapet har fått fritak frå skatteplikt.

**Note 2 Lønskostnader og antall årsverk**

**LØNSKOSTNADER**

| | **2025** | **2024** |
|---|---:|---:|
| Løningar | 441 975 | 585 262 |
| Løn til skuleklasse | 11 500 | 16 000 |
| Arbeidsgjevaravgift | 50 363 | 62 038 |
| Pensjonskostnader | 27 336 | 10 220 |
| Andre ytingar | 10 539 | 22 138 |
| **Sum** | **541 713** | **695 658** |

Selskapet har i 2025 sysselsett 1 årsverk.

**Note 3 Avskriving på driftsmidlar**

| | Andre bygg. Skianlegg | Maskiner / Utstyr | Sum |
|---|---|---|---|
| Anskaffingskost pr. 01/07 | 22 276 524 | 2 805 092 | 25 081 616 |
| + Tilgang | 773 497 | 0 | 773 497 |
| - Avgang | 0 | 0 | 0 |
| - Nettoført gåvedel inv. 2012/2013 | -7 097 771 | -266 272 | -7 364 043 |
| - Nettoført gåvedel inv. 2021/2022 | -3 866 771 | 0 | -3 866 771 |
| - Nettoført gåvedel utsatt innt. føring | -1 848 231 | -207 861 | -2 056 092 |
| **Anskaffingskost pr. 30/06** | **10 237 248** | **2 330 959** | **12 568 207** |
| **Akk. av/nedskr. pr 01/07** | **3 749 021** | **1 586 431** | **5 335 452** |
| + Ordinære avskrivingar | 341 514 | 193 603 | 535 117 |
| - Tilbakeført avskriving | 0 | 0 | 0 |
| **Akk. av/nedskr. pr. 30/06** | **4 090 535** | **1 780 034** | **5 870 569** |
| **Balanseført verdi pr 30/06** | **6 146 713** | **550 925** | **6 697 638** |
| Prosentsats for ord.avskr | 2 - 20 % | 10 - 33 % | |

**Note 4 Leasing**

Ved rekneskapsårets slutt har selskapet følgjande leasingavtaler.

| Driftsmiddel | Årleg leasing leige | Leasingavtalas utløp |
|---|---|---|
| PistenBully 400 Park | 181 056 | okt. 2027 |
| **Sum** | **181 056** | |

Forskotsbetalt leasingleige som ikkje er kostnadsført utgjer per 30.06.2025 kr 124 134,-.

**Note 5 Eigenkapital**

| | Aksjekapital | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|---|---|---|---|
| Pr. 30.06.2024 | 608 900 | 4 310 022 | 4 918 922 |
| Årets resultat | | -692 693 | -692 693 |
| **Pr 30.06.2025** | **608 900** | **3 617 329** | **4 226 229** |

**Note 6 Langsiktig gjeld**

| **Pantsettingar** | **30.06.25** | **30.06.24** |
|---|---|---|
| Gjeld sikra med pant | 2 916 878 | 2 676 449 |
| **Sum pantesikra gjeld** | **2 916 878** | **2 676 449** |
| | | |
| **Bokført verdi av pantsette eigedelar** | | |
| | | |
| Driftsmidlar | 6 697 639 | 6 459 260 |
| **Sum verdi av pantsette eigedelar** | **6 697 639** | **6 459 260** |

Pantesikra gjeld som vert betent av skisenteret og har forfall seinare enn 5 år frå balansedagen er kr 492 342.

**Note 7 Aksjekapital**

Selskapet har 6 089 aksjar kvar pålydande kr 100, samla aksjekapital utgjer kr 608 900.
Selskapet sin aksjekapital er oppdelt i følgjande aksjeklassar:

| **Aksjeklasse** | **tal aksjar** | **Samla pålydande** | **Vedtektsfastsetjing om stemmerett** |
|---|---|---|---|
| A-aksjar | 4 050 | 405 000 | Kvar aksje gjev 5 stemmer |
| B-aksjar | 2 039 | 203 900 | Kvar aksje gjev 1 stemme |
| **Samla** | **6 089** | **608 900** | |

A-aksjeklassen skal til ei kvar tid utgjere over 50% av alle stemmer.
B-aksjeklassen skal til ei kvar tid utgjere mindre enn 50% av alle stemmer.
Majoritetskrava kan ikkje endrast utan etter løyve frå departementet.

Selskapet sine største aksjeeigarar som eig meir enn 1% av aksjane:

| **Aksjonæren sitt namn:** | **Tal aksjar:** |
|---|---|
| Hornindal idrettslag | 2025 |
| Volda kommune | 2025 |
| Leiv Rune Lødøen | 136 |
| Knausen Hyttegrend | 125 |
| Paul O. Tomasgard | 112 |
| Frank Rogne | 100 |
| Egil A Seljeset | 100 |
| Randi Langlo | 100 |
| PeBe Klær AS | 100 |
| Leiv Inge Gausemel | 100 |
| Inge Olsen | 100 |